# VELKOMEN TIL BABYSONG

Kjære barn, mødre og fedre!

Babysong er eit gratis tilbod i kyrkja for dei minste barna og foreldra deira. Her møtest vi til song, dans, enkle instrument og eit triveleg fellesskap. Besteforeldre og annan familie er også hjarteleg velkomne!

Vi brukar ein kombinasjon av kjende og nyare songar, rim og reglar – alt frå nære voggesongar til babysamba! Samspelet mellom barnet og den vaksne er i fokus.

Her er det lågt terskelnivå – du treng ikkje kunne synge, berre vere til stades saman med barnet ditt!



## Ei god stund saman

Av og til er vi saman med eldre, noko som gir ei ekstra kjekk oppleving for både små og store.



## Musikk, nærleik og utvikling

Babysong er bra for barnet si motoriske, språklege og sosiale utvikling. Samstundes er det ei god stund der de kan vere saman, leike og oppleve noko i lag.

## HAUST 2026

Vi møtest annakvar torsdag, og held på frå kl.11-12.

Enkel servering frå kl.11.30.

Ta gjerne med egen lunsj om du vil. Velkomen!

KVAR OG NÅR BLIR DET?



## DATOAR

| | |
|---|---|
| AUG | 13., 27. |
| SEP | 10., 24. |
| OKT | 22. |
| NOV | 5., 19. |
| DES | 17. |

## ØRSTA KYRKJE

Samlingane blir i Ørsta kyrkje, med unntak av 13. Aug som blir i Laguneparken ifb Naturfestivalen

## PÅMELDING

Babysong er eit ope drop-in-tilbod, og du er velkomen til å møte opp når det passar for deg og barnet ditt. Ynskjer du SMS-påminning i forkant av kvar samling, kan du melde deg på ved å trykkje **her**.

Du kan òg bli med i Facebook-gruppa Babysong – kyrkjene i Ørsta for informasjon og eventuelle endringar.

Velkomen!


Spørsmål?

Ta kontakt med Eirin Rustlie på e-post:
ER433@kirken.no

Eller ring oss på telefon:
70 04 86 40


DEN NORSKE KYRKJA
Ørsta kyrkjelege fellesråd